

**Fra:** Ola Midttun (Ola.Midttun@fiskeridir.no)

**Sendt:** 30.06.2015 15:48:07

**Til:**

**Kopi:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Emne:** E39 Stord-Os Hordaland - høyring av planprogram for kommunedelplan Os, Tysnes og Stord - uttale

**Vedlegg:**

Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 15/8522  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 29.06.2015  
Dykkar dato: 24.06.2015

Att: Eikenes Signe

## **E39 STORD-OS HORDALAND - HØYRING AV PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN OS, TYSNES OG STORD - UTTALE**

Vi viser til e-post av 24.06.2015 fra Signe Eikenes med oversending av framlegg til planprogram for E39 Stord-Os, kommunedelplan for kommunane Os, Fitjar og Stord.

Fiskeridirektoratet er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Planansvarleg har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, mens Fiskeridirektoratet sine regionkontor har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.

Føremålet med prosjektet er betre framkomst på E39 som bidreg til å realisere ein politisk ønska samfunnsutvikling om utvida bu- og arbeidsmarknad langs heile E39-strekninga. I 2011 vart det gjennomført ei konseptvalutgreiing (KVN) med tilhøyrande tilleggsutgreiing. Sitjande regjering fatta i desember 2013 vedtak om konsept 4c, veg frå Stordøya over Tysnes kommune, kryssing av Bjørnafjorden med bru og veg vidare til Svegatjørn i Os kommune.

Statens vegvesen region vest har utarbeida framlegg til planprogram for kommunedelplan Os, Tysnes og Stord som er sendt på høyring. Opprinneleg vart 4 ulike hovudalternativ til vegtrase vurdert, A, B, C og D. Gjennom silingsprosess ved utarbeiding av planprogrammet står ein no att med 2 alternativ, B og D som ein vil arbeide vidare med. I tillegg har ein teke med 2 kombinasjonar av B og D, som vert presentert som alternativ E og F. Jf forskrift om konsekvensutgreiingar etter Plan- og bygningslova er vegprosjektet utreiingspliktig. Planprogrammet gjer greie for dei problemstillingar planarbeidet skal omfatte og viser m.a. alternativ som vert føreslått utgreidd, tema som konsekvensutgreiinga skal omfatte og prosess for medverknad. I høyringsskrivet frå

Statens vegvesen ber ein særskild om innspel til 4 spørsmål:

1. Er alternativa som er føreslått utgreidde etter KU-forskrifta dei riktige alternativa (kap. 7)?
2. Er nokre av alternativa i konflikt med viktige nasjonale eller regionale omsyn?
3. Vert utgreiingsplikta innfridd med dei tema som er skildra (kap.8)?
4. Er det andre tilhøve som er særleg relevante for avgjersle, og som dermed bør omtalast i konsekvensutgreiinga?

#### **Fiskeridirektoratet region vest sine innspel til planprogrammet**

Fiskeridirektoratet sin rolle er å sjå til at omsynet til sjømatnæringane og dei marine ressursområda vert teke vare på gjennom planprosessen. Vi understreker at det knyt seg vesentlige fiskeri- og akvakulturinteresser til sjøområda som ligg innafor grensa for planområdet. Bjørnefjorden og Langenuen vert reikna som viktige fangstområde både tilkyta sesongmessig kystnotfiske etter pelagiske artar, og fiske med tradisjonelle reiskap som går føre seg heile året. Det er etablert ei rekke oppdrettsanlegg i sjøområda, og i alt er det gjeve løyve til akvakultur ved 14 lokalitetar innafor planområdet. 9 av desse gjeld matfiskoppdrett av laks og aure. Gjennom kartlegging av marint biologisk mangfald har Havforskningsinstituttet registrert gyteområde rundt Strøno og Lepsøy og gjennom Langenuen er det registrert førekomstar av korallar. Fiskeridirektoratet region vest vil på generelt grunnlag peike på at etablering brusamband etter dei einskilde alternativa kan kome i berøring med fiske og akvakulturverksemder som går føre seg i, og i nærleiken av desse områda. Det er også truleg at etablering av brusamband kan få verknad for marint miljø og naturressursar i sjøområda. Kva slags konsekvensar og i kva omfang, er spørsmål som må opplysts nærmere gjennom konsekvensutgreiing av desse tema.

Spørsmål 1 - er alternativa som er føreslått utgreidde etter KU-forskrifta dei riktige alternativa?

Svar: På bakgrunn av den kunnskap ein sit med har vi ikkje grunnlag for å hevde at nokon av dei forkasta alternativa bør takast opp til ny vurdering.

Spørsmål 2 - er nokre av alternativa i konflikt med viktige nasjonale eller regionale omsyn?  
 Svar: vi påpeiker at planområdet omfattar sjøområde kor det er registrert marint biologisk mangfald som vert rekna å vere av regional verdi. Det knyt seg også sterke fiskeri- og havbruksinteresser til sjøområda. Vi har ikkje grunnlag for å ta stilling til om nokre av alternativa kjem i konflikt med omsynet til desse interessene før det ligg føre konsekvensutgreiing der desse spørsmåla er teke opp.

Spørsmål 3 - vert utgreiingsplikta innfridd med dei tema som er skildra?

Svar: Fiskeridirektoratet vil særleg sete fokus på at marint biologisk mangfald-tema vert tilstrekkeleg utgreiia. Gjennom nasjonalt program for kartlegging av marint biologisk manfald er det føreteke registreringar av verdifulle førekomstar langs kysten. Sjølv om Hordaland er kartlagt er peiker vi på at datagrunnlaget i fleire sjøområde framleis er mangelfull. Havforskningsinstituttet sit med den fremste ekspertisen innan marin biologi og har ein sentral rolle i det nasjonale kartleggingsprogrammet. I samband med tema som skal utgreiast gjennom KU viser vi til Havforskningsinstituttet som den rette instans for å

vurdere eksisterande datagrunnlag er tilstrekkelig for å vurdere konsekvensar for marint biologisk mangfald.

Når det gjeld tema knyta til næringsmessige bruk av sjøområda, slår vi fast at fiske og fiskeoppdrett er teke med på liste over tema som skal utgreiast. Vi legg til fiskeoppdrett aleine ikkje er dekkande for akvakulturverksemd, og vi understrekar at ein også må vurdere andre typer akvakultur som t.d dyrking av tare og skalldyr.

Spørsmål 4 - Er det andre tilhøve som er særleg relevante for avgjersle, og som dermed bør omtalast i konsekvensutgreiinga?

Svar: Fiskeridirektoratet region vest har ingen innspel til dette spørsmålet.

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Statens vegvesen Region vest      Askedalen 4      6863      LEIKANGER

**Kopi til:**

|                          |  |      |         |
|--------------------------|--|------|---------|
| Fiskarlaget Vest         | Slottsgt. 3                            | 5003 | BERGEN  |
| Fylkesmannen i Hordaland | Miljøvern- og<br>klimaavdelinga        | 5020 | BERGEN  |
| Hordaland fylkeskommune  | Postboks 7900                          | 5020 | BERGEN  |
| Kystverket Vest          | Plan- og<br>Kystforvaltningsavdelingen | 6025 | ÅLESUND |
| Os Kommune               | Pb 84                                  | 5202 | OS      |
| Stord Kommune            | Postboks 304                           | 5402 | STORD   |
| Tysnes Kommune           |  | 5685 | UGGDAL  |
| Vestnorsk Havbrukslag AS | Bontelabo                              | 5003 | BERGEN  |